

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Kommunestyret	17.06.2015	037/15	OHM

Saksansvarleg Svein Helgesen	Arkiv: K1-250 Objekt:	Arkivsaknr 14/524
--	--	-----------------------------

KOMMUNEPROSESSEN I FINNØY PER 04.06.15

Vedlegg:

1. Kommuneprosessen i Finnøy per 04.06.15. Rapport frå styringsgruppa 04.06.15.
2. Vedlegg til rapport frå styringsgruppa 04.06.15: Samandrag av Jærrådet si utgreiingsrapport.

Saksutgreiing:

Politisk styringsgruppe for kommunereforma vart nedsett av kommunestyret i møte 3.september 2014, jf. vedtak KS-056/14.

Rådmannen viser til undervegsrapport frå styringsgruppa om status for arbeidet per 04.06.15, vedlegg 1-2. Føremålet med rapporten er å informere rådmannen og kommunestyret om gruppa sitt arbeid fram til sommaren 2015, og å utfordre kommunestyret til å diskutere og leggje politiske føringar for resten av prosessen fram mot endeleg avklaring i juni 2016.

Frå rapporten:

«Med bakgrunn i innhaldet i sjølve rapporten, jf. pkt. 2, oppfordrar ei samla styringsgruppe kommunestyret om å diskutera og slutta seg til følgjande forslag:

- a. Formannskapet slutta seg i møte 25. 02. 2015 til at Finnøy skal arbeida med og vurdera tre alternativ for framtidig kommunestruktur: *nullalternativet (A)*, *mellomalternativet (B)* og *storkommunealternativet (C)*, jf. pkt. 2.3.

Med bakgrunn i prosessen så langt - spesielt tilbakemeldingane frå Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy – rår styringsgruppa til at Finnøy i det vidare løpet no bruker mest tid og ressursar på alternativ A og alternativ C . Alternativ B, blir inntil vidare «sett på vent» - til dei andre involverte kommunane ev. uttrykkjer interesse for å gå vidare for å utgreia ein slik fire-kommunemodell.

- b. *Som konsekvens av pkt. a intensiverer Finnøy kontakten med Stavanger kommune med sikte på å få til mest mogleg konkrete samtalar på politisk nivå om utfordringar som er avgjerande å få avklara som grunnlag for kommunen sitt framtidige vegval, jf. pkt 2.2 og 2.4 B.*

- c. *Styringsgruppa går etter sommarferien djupare inn i innhaldet i Jærrådet sin utgreiingsrapport og ev. tilleggsnotat som gjeld Stavanger, Rennesøy og Finnøy. Det skal vidare gjerast utfyllande vurderingar/utgreiing av konsekvensane av nullalternativet.*
- d. *Det skal hausten 2015 leggjast ein konkret strategi for innbyggjarinformasjon og –medverknad. Det blir søkt informasjon om korleis dette er gjort i andre kommunar som er komne lenger i prosessen, eks. Sandefjord. Opplegg for folkemøte på øyane og spørsmål om ev. innbyggjarundersøking og folkeavstemming blir vurdert i denne prosessen.*
- e. *Styringsgruppa tilrår at kommunestyret innan neste sommar behandlar kommunereformspørsmålet i to møte: ei førebels drøfting i møte i mars/april og ei endeleg behandling i kommunestyremøte i juni 2016. I tillegg til politisk behandling i formannskap og kommunestyre skal saka leggjast fram til drøfting i ungdomsrådet, funksjonshemmarådet og eldrerådet.*
- f. *Styringsgruppa får ansvar for å avklara med dei hovudtillitsvalde i kommunen organisasjonane si rolle i den vidare prosessen.»*

Vurdering:

Rådmannen viser til vurdering frå styringsgruppa i pkt. a) om dei tre alternativa som Finnøy så langt har arbeidd med. Styringsgruppa tilrår at Finnøy inntil vidare legg alternativ B mellomstor kommune (Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy) «på vent». Rådmannen meiner dette er fornuftig per juni 2015, men viser til at situasjonen raskt kan endre seg. Kommunane på Nord-Jæren (dei fem kommunane i Jærrådet og Stavanger, Sola og Randaberg) som har gjennomført felles utgreiing, vil allereie i august/september politisk handsame kva alternativ dei ønskjer å utgreie vidare. Handsaminga i kommunane på Nord-Jæren kan få konsekvensar for vegen vidare både knytt til mellomalternativet (B) og storkommunealternativet (C).

Rådmannen viser til pkt. c). der styringsgruppa varsla at dei etter sommarferien ønskjer å gå djupare inn i innhaldet i utgreiing frå kommunane på Nord-Jæren og ev. tilleggsnotat som gjeld Stavanger, Rennesøy og Finnøy. Rådmannen tek sikte på at tilleggsnotatet vil vere ferdig tidleg i haust. Styringsgruppa varslar òg at det skal gjerast utfyllande vurderingar/utgreiing av konsekvensane av nullalternativet. Rådmannen meiner at Finnøy bør utgreie nullalternativet grundig. Dette er òg eit arbeid som Finnøy i liten grad kan nytte utgreiinga i frå Jærrådet, fordi desse kommunane har eit heilt anna befolkningsgrunnla, med Randaberg og Gjesdal som dei minste med 10-11 000 innbyggjarar. Resten av kommunane ligg godt innafor eller over tilråding frå Ekspertutvalet om at kommunane bør ha minst 15-20 000 innbyggjarar.

Kommunestyret vedtok i sak KS-056/14 at «Rådmannen stiller sekretær/utgreiingshjelp til disposisjon for styringsgruppa.» Finnøy har fått 100 000 kroner i prosjektskjønn frå fylkesmannen til kommunereforma. Rådmannen tek sikte på å nytte desse midla til prosessrettleiing/utgreiing. Men rådmannen gjer kommunestyret merksam på at det ikkje er avsett midlar utover dette, og på at administrasjonen sin ressursituasjon til hausten ikkje er avklart, jf. sak om ny organisasjonsmodell.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtek følgjande:

a. Formannskapet slutta seg i møte 25. 02. 2015 til at Finnøy skal arbeida med og vurdera tre alternativ for framtidig kommunestruktur: nullalternativet (A), mellomalternativet (B) og storkommunealternativet (C), jf. pkt. 2.3.

Med bakgrunn i prosessen så langt - spesielt tilbakemeldingane frå Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy – rår styringsgruppa til at Finnøy i det vidare løpet no bruker mest tid og ressursar på alternativ A og alternativ C . Alternativ B, blir inntil vidare «sett på vent» - til dei andre involverte kommunane ev. uttrykkjer interesse for å gå vidare for å utgreia ein slik fire-kommunemodell.

b. Som konsekvens av pkt. a intensiverer Finnøy kontakten med Stavanger kommune med sikte på å få til mest mogleg konkrete samtalar på politisk nivå om utfordringar som er avgjerande å få avklara som grunnlag for kommunen sitt framtidige vegval, jf. pkt 2.2 og 2.4 B.

c. Styringsgruppa går etter sommarferien djupare inn i innhaldet i Jærrådet sin utgreiings-rapport og ev. tilleggsnotat som gjeld Stavanger, Rennesøy og Finnøy. Det skal vidare gjerast utfyllande vurderingar/utgreiing av konsekvensane av nullalternativet.

d. Det skal hausten 2015 leggjast ein konkret strategi for innbyggjarinformasjon og – medverknad. Det blir søkt informasjon om korleis dette er gjort i andre kommunar som er komne lenger i prosessen, eks. Sandefjord. Opplegg for folkemøte på øyane og spørsmål om ev. innbyggjarundersøking og folkeavstemming blir vurdert i denne prosessen.

e. Styringsgruppa tilrår at kommunestyret innan neste sommar behandlar kommunereformspørsmålet i to møte: ei førebels drøfting i møte i mars/april og ei endeleg behandling i kommunestyremøte i juni 2016. I tillegg til politisk behandling i formannskap og kommunestyre skal saka leggjast fram til drøfting i ungdomsrådet, funksjonshemmarådet og eldrerådet.

f. Styringsgruppa får ansvar for å avklara med dei hovudtillitsvalde i kommunen organisasjonane si rolle i den vidare prosessen.»

KS-037/15 VEDTAK 17.06.2015:

Innstillinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande:

a. **Formannskapet slutta seg i møte 25. 02. 2015 til at Finnøy skal arbeida med og vurdera tre alternativ for framtidig kommunestruktur: nullalternativet (A), mellomalternativet (B) og storkommunealternativet (C), jf. pkt. 2.3.**

Med bakgrunn i prosessen så langt - spesielt tilbakemeldingane frå Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy – rår styringsgruppa til at Finnøy i det vidare løpet no bruker mest tid og ressursar på alternativ A og alternativ C . Alternativ B, blir inntil vidare «sett på vent» - til dei andre involverte kommunane ev. uttrykkjer

interesse for å gå vidare for å utgreia ein slik fire-kommunemodell.

b. Som konsekvens av pkt. a intensiverer Finnøy kontakten med Stavanger kommune med sikte på å få til mest mogleg konkrete samtalar på politisk nivå om utfordringar som er avgjerande å få avklara som grunnlag for kommunen sitt framtidige vegval, jf. pkt 2.2 og 2.4 B.

c. Styringsgruppa går etter sommarferien djupare inn i innhaldet i Jærrådet sin utgreiings-rapport og ev. tilleggsnotat som gjeld Stavanger, Rennesøy og Finnøy. Det skal vidare gjerast utfyllande vurderingar/utgreiing av konsekvensane av nullalternativet.

d. Det skal hausten 2015 leggjast ein konkret strategi for innbyggjarinformasjon og –medverknad. Det blir søkt informasjon om korleis dette er gjort i andre kommunar som er komne lenger i prosessen, eks. Sandefjord. Opplegg for folkemøte på øyane og spørsmål om ev. innbyggjarundersøking og folkeavstemming blir vurdert i denne prosessen.

e. Styringsgruppa tilrår at kommunestyret innan neste sommar behandlar kommunereformspørsmålet i to møte: ei førebels drøfting i møte i mars/april og ei endeleg behandling i kommunestyremøte i juni 2016. I tillegg til politisk behandling i formannskap og kommunestyre skal saka leggjast fram til drøfting i ungdomsrådet, funksjonshemmarådet og eldrerådet.

f. Styringsgruppa får ansvar for å avklara med dei hovudtillitsvalde i kommunen organisasjonane si rolle i den vidare prosessen.